

NYHETER

Nyhetsredaktør: Carl Gunnar Gundersen. Tlf. 922 24 276. Epost: tips@aftenbladet.no

Nustad-krav mot DnB Nor

KRAV: Cecilie Nustad krever 27 millioner kroner av DnB Nor. Hun mener banken burde rapportert Bjarte Baaslands (bildet) pengebruk til politiet. Selvaag-arvingen Nustad lånte Bjarte Baasland til sammen 26 millioner kroner. Pengene ble brukt på internettspill. Nå har Nustad saksøkt DnB Nor fordi banken ikke grep inn. Saken startet i Oslo tingrett mandag. (NTB)



LESEGLEDE: Sand og Erfjord skule i Suldal er med i prosjektet «Les for livet». Dette bildet av ivrige elever i 2.klasse ved Sand skule tok Nora Bogetvedt Jenssen i Suldalsposten i mai 2008. Bak frå venstre: Anne Jonassen, Anders Johan Tysseland, Sindre Johannessen, Florian Ten Napel, Daniel Tosteinsbø og Levar Sand.

Suldalselevar les best

Åttandeklassingane i Suldal og Gjesdal er både på rogaland- og norges-toppen i lesing. Også femteklassingane i desse kommunane scorar høgt, viser resultatane frå nasjonale prøvar for 2009.

Margunn Ueland tekst

SUKSESS: Systematisk og målretta innsats med vekt på tidleg innsats ser ut til å vera viktige ingrediensar i suksessoppskrifta. Meir om det lenger ned i artikkelen. Først til resultatane frå dei nasjonale prøvane:

ÅTTANDE KLASSE: Elevane i åttande klasse i Suldal og Gjesdal har eit snitt på 3,3. Gjennomsnittet for Rogaland er 3,0.

Dei tre beste fylka er Sogn og Fjordane, Oslo og Akershus med 3,2. Dei seks andre kommunane som hamnar over snittet i Rogaland, er Stavanger med 3,2 og Sola, Sandnes, Randaberg, Haugesund og Vindafjord med 3,1.

Nedst på skalaen kjem Hå og Karmøy med 2,8.

FEMTE KLASSE: Snittet for Rogaland for femte trinn er på 1,9. Akershus er best med 2,1.

RESULTAT, LESING, 5. TRINN

Rogaland, gjennomsnitt: 1,9
Suldal: 2,1
Gjesdal: 2,0
Stavanger: 2,0
Sola: 2,0
Klepp: 2,0
Sauda: 2,0
Bjerkreim: 1,9
Eigersund: 1,9
Randaberg: 1,9
Sand: 1,9
Time: 1,9
Karmøy: 1,9
Haugesund: 1,9
Tysvær: 1,8
Vindafjord: 1,8
Rennesøy: 1,8
Hjelmeland: 1,8
Hå: 1,8
Strand: 1,8
Finnøy: 1,7
Lund: 1,6
Bokn, Forsand, Kvitsøy, Sokndal, Utsira: Resultat ikkje publisert på skoleporten. utdanningsdirektoratet.no

Suldal oppnår det beste resultatet i Rogaland: 2,1. Nest best er Gjesdal, Stavanger, Sola, Klepp og Sauda med 2,0.

For Suldal er det ein framgang – resultatet var 1,8 i fjor. Gjesdal var hakket betre i fjor: 2,1.

RESULTAT, LESING 8 TRINN

Rogaland-snitt: 3,0
Suldal: 3,3
Gjesdal: 3,3
Stavanger: 3,2
Sandnes: 3,1
Sola: 3,1
Randaberg: 3,1
Haugesund: 3,1
Vindafjord: 3,1
Bjerkreim: 3,0
Tysvær: 3,0
Eigersund: 2,9
Strand: 2,9
Time: 2,9
Klepp: 2,9
Hå: 2,8
Karmøy: 2,8
Finnøy, Forsand, Hjelmeland, Kvitsøy, Lund, Rennesøy, Sauda, Sokndal, Utsira: Resultat ikkje publisert på skoleporten. utdanningsdirektoratet.no

Lågaste skår dette året kan Lund notera seg med 1,6 (1,9 i fjor). Fjorårets jumbo, Bjerkreim har rykka opp frå 1,7 i 2008 til 1,9 i 2009.

NEPPE TILFELDIG: Både Gjesdal og Suldal kommune har satsa målretta og systematisk på å gjera elevane til gode lesarar:

Hausten 2006 tok Gjesdal i

bruk det såkalla SOL-prosjektet. SOL står for systematisk observasjon av lesing. Observasjonane blir loggførte i eit skjema med 10 hovud- og 70 underpunkt. Lærarane kan då til kvar tid gjere elvane leseopplæring alt etter kor gode elevane er til å lesa.

LES FOR LIVET: Alle skulane i Suldal tok i fjor i bruk SOL-systemet. I tillegg er Erfjord og Sand skule og tre barnehagar (Joagarden, Randåsen og Stølane) med i prosjektet «Les for livet». Også det handlar om målretta arbeid med språkutvikling og leseopplæring. Lesesenteret ved Universitetet i Stavanger medverkar til fagleg utvikling og IRIS til organisatorisk utvikling.

BARNEHAGE: Her fortel prosjektetleiar Eva Songe Paulsen kva prosjektet går ut på:

– Me startar i barnehagen med fokus på språk: Dei tilsette skal vita koss dei kan bruka aktivitet til å fremja språkutviklinga. Dei arbeider med ord og omgrep, les for borna, snakkar med dei om kva orda tyder.

Å utvida ordforrådet er viktig. Det er ikkje slik at ein legg opp til å læra borna å lesa i barnehagen, sjølv om ein del nok knekkjer lese-koden.

Me er opptekne av å byggja bru mellom barnehage og skule. Personalet i skulen skal vita kva dei

held på med i barnehagen og omvendt.

SKULE: Ein lærar ved kvar skule har fått lært seg verktøyet SOL av Gjesdal kommune, og har lært det vidare til dei andre lærarane. Dette omfattar både kartlegging og oppfølging. Sagt på ein annan måte: Lærarane veit kva dei skal sjå etter og kva dei skal gjera dersom ein elev treng meir hjelp. Det er viktig å setja inn tiltak straks for at eleven skal koma over kneika.

OPTIMALT: – Visjonen er at borna skal ha fått så god opplæring i lesing som råd er når dei går ut av fjerde klasse. Lesedugleiken skal vera optimal ut frå eleven sine evner, avsluttar Eva Songe Paulsen.

VIKTIG: – Kva rolle spelar dette arbeidet for dei gode resultatane?

– Suldal har flinke lærarar, og det har vore jobba med lesing i mange år i kommunen. At me er i gong med dette prosjektet, viser at Suldal har ei skuleleing som er opptekne av dette. Og det ein set fokus på, blir ein gjerne god på. Det er viktig å satsa lenge, over tid, skal resultatane bli gode. Sjølv om dette prosjektet er nytt, trur eg nok at det kan ha hatt ein effekt allereie. Eg trur også på at det vil bli enda betre framover, seier Songe Paulsen.